
Saksnr: 2020/48522-10
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 16.09.2020 |
| Fylkesutvalet | | 29.09.2020 |

Søknad om driftstilskot for 2020 til Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på kr. 250 000,- til drift av Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde i 2020. Midlane vert løyvde frå fylkesutvalet sin rådevelde konto (kontostreng: 100110.149000).

Samandrag

Vestland fylkeskommune har frå Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde motteke søknad om tilskot til drift av eigedomen Dalheim/Singerheimen i Olden i Stryn.

Stiftinga har dei siste 20 åra søkt og mottatt årlege driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Grunna endringane i søknadsfristane for 2020 i samband med fylkessamanslåinga, fekk ikkje styret søkt Vestland fylkeskommune om driftstilskot innan fristen. Styret sendte den 30. juni 2020 søknad om ekstraordinært tilskot for 2020 til Vestland fylkeskommune. Rekneskapen for 2019 viser at stiftinga ikkje vil ha økonomi til å dekke dei mest grunnleggande driftsutgiftene til eigedomen i 2020.

Fylkesrådmannen ser at stiftinga vil ha store utfordringar med drift av Dalheim/Singerheimen i 2020. Av den grunn tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på kr. 250 000,- til Stiftinga William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Historisk bakgrunn- Ekteparet Singer og Dalheim

Det amerikanske ekteparet William H. Singer og Anna Brugh Singer kom til Olden første gang i 1913. William H. Singer var ein anerkjend malar og i Olden fann han landskapet som for resten av livet hans gav han motiv til sine verk. Etterkvart bygde dei opp ein stor eigedom i Olden, Dalheim (også omtala som Singerheimen), som mellom anna bestod av ein villa, bungalow og atelier. I tillegg kom ei rekkje bygningar knytt til drifta av eigedomen. Frå 1922 då villaen stod ferdig var Dalheim ekteparet Singer sin bustad. Dei budde store delar av året her, men om vinteren drog dei vanlegvis til Nederland.

Ekteparet Singer har sett store spor etter seg i Noreg, Nederland og USA. I tillegg til å vere ein stor lokal arbeidsgjevar og velgjerar i Olden bidrog dei med finansiering til viktige samfunnsprosjekt i Nordfjord. Dei mest kjende er bygginga av Nordfjord sjukehus og forskotteringa på bygginga av vegen mellom Olden og Innvik. Gjennom heile livet samla dei kunst og antikvitatar og dei var opptatt av å dele dette med fleire. I USA oppretta dei i 1930 Washington County Museum of Fine Art i Hagerstown, fru Singer sin heimby, og i Nederland oppretta fru Singer i 1956 kunstinstitusjonen som i dag er kjend som Singer Laren.

Eigedomen Dalheim romma ei stor samling med kunst og antikvitatar og ved fru Singer sin død i 1962 vart delar av denne samling spreidd mellom Washington County Museum of Fine Art, Singer Laren og Vestlandske kunstindustrimuseum (dagens KODE 1). I tillegg var det ei rekkje gjenstandar og møblar bevart på eigedomen som vart testamentert til Nordfjord sjukehus som rekreasjonsheim for pasientar og sjukepleiarar.

Kulturhistorisk verdi

Dalheim/Singerheimen er ein kulturhistorisk verdifull eigedom og ekteparet Singer har hatt mykje å seie for utviklinga av Sogn og Fjordane, spesielt gjennom bygginga av Nordfjord sjukehus og forskotteringa av vegen mellom Olden og Innvik. I tillegg har dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen eit internasjonalt perspektiv knytt til etableringa av kunst og kulturinstitusjonar i Nederland og USA.

Fylkeskommunen har kartlagt dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen og konkludert med at det er ein eigedom av nasjonal kulturhistorisk interesse. Ei fylje av dette er at Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019 starta opp arbeid med å førebu freding i medhald av Lov om kulturminne, av alle bygningane i anlegget, eksteriør og interiør, samt hagen. Forslag om freding vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i PS 92/2020 der det vart gjort fylgjande vedtak:

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Forslag om freding vart sendt til Riksantikvaren 09.06.2020. Det er forventa at Riksantikvaren gjer vedtak i saka i løpet av hausten 2020.

Bruken av eigedomen

Eigedomen har ikkje vore brukt til rekreasjonsheim for pasientar, men var i ei årrekkje brukt til rekreasjon og møter for personalet knytt til sjukehuset. Etterkvart som deira bruk vart mindre har ein opna for at også andre kan bruke eigedomen. Eigedomen med det godt bevarte interiøret vert og rekna som ein kulturinstitusjon og i Studio (atelieret til Singer) er det ei permanent utstilling med måleri av William H. Singer jr. I tillegg til overnatting, har ein tidlegare også hatt omvisningar på eigedomen for grupper.

Drifta av eigedomen har dei seinare åra vore utfordrande med stort behov for vedlikehald og investeringar, samstundes som inntektene har vore små. I 2019 og 2020 har det ikkje vore drift i eigedomen i form av utleige til overnatting. Ei fylje av dette er at stiftinga heller ikkje har hatt nokon eigne inntekter på eigedomen.

I 2016 løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune tilskot til å gjennomføre ei moglegheitsstudie for vidare drift av eigedomen. Denne studia viste at det er vanskeleg å vidareutvikle overnattingsverksemda utan at dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen vert forringa. Ei utviding av overnattingsverksemda vil også krevje omfattande investeringar. Styret i stiftinga har saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Musea i Sogn og Fjordane (MISF) hatt drøftingar om moglegheita for ei museal drift av eigedomen, enten som alternativ til overnattingsverksemd eller i kombinasjon med dette. MISF har skissert tre moglege driftsformer for eigedomen og det har vore samtalar mellom musea og styret i stiftinga med føremål å kome fram til ein form for driftsavtale. Pr. i dag ligg det ikkje føre nokon slik avtale mellom musea og styret for stiftinga.

Tilhøvet mellom Stiftinga William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde og fylkeskommunen
Ved Anna Brugh Singer sin død i 1962 vart eigedomen Dalheim testamentert til Nordfjord sjukehus og skulle brukast som ein rekreasjonsheim for pasientar og sjukepleiarar. I 1963 vart Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde oppretta og i 1966 vart eigedomen Dalheim overført til stiftinga som framleis driftar den.

Eigarskapet til eigedomen har sidan 1963 vore hjå stiftelsen, og i drifta har det vore tette band med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fram til 1987 førte fylkeskommunen særrekneskap for stiftinga og fylkeskommunen dekkja underskot i drifta. Frå slutten av 1980-talet budsjetterte og rekneskapsførte fylkeskommunen Singerheimen som om den var ein fylkeskommunal institusjon. I tillegg utførte fylkeskommunen sekretariatsansvar for styret i stiftinga og hadde rekneskaps- og revisjonsarbeid fram til år 2000 då drifta av Singerheimen vart skild frå den fylkeskommunale drifta. Fylkeskommunen hadde og arbeidsgjevaransvar for tilsette fram til og med første halvdel av år 2000. Same år vart det gjort endringar i vedtektene til stiftinga og styret tok sjølv ansvar for rekneskap, revisjon og arbeidsgjevaransvar. Stiftinga har etter dette årleg søkt om, og fått innvilga, driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I fylje vedtektene (sjå vedlegg) er det framleis fylkeskommunen som oppnemner medlemmar til styret. Stryn kommune har rett til å oppnemne to medlemmer til styret dersom dei går inn med midlar til drift. Stryn kommune har bidratt med eit årleg driftstilskot på kr. 50 000,- og oppnemner to medlemmer til styret. Sogn og Fjordane fylkeskommune har bidrege med årlege driftstilskot via kulturmidlane. For 2019 var driftstilskotet på kr. 200 000,-.

Driftstilskot 2020

I samband med fylkessamanslåinga vart det for Sogn og Fjordane sin del gjort ei stor endring i søknadsfristane for driftstilskot. Sogn og Fjordane fylkeskommune informerte lag og organisasjonar som pleide å få driftsstøtte, om endringane i søknadsfristane i god tid før søknadsfristen for driftstilskot for 2020. Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde var ein av dei som mottok informasjon om endringar i søknadsfristen. I e-post av 30. juni 2020 med søknad om ekstraordinere tilskot for 2020 skriv styret fyljande: «Styret i Singerheimen (Stiftelsen William H Singer jr's og Anna Brugh Singer) var ikkje merksam på at søknadsordninga vedkomande driftsstøtte til kulturinstitusjonar vart endra slik at ein måtte søke eit år i forkant.»

Styret har søkt om driftstilskot for 2021, men 2020 vert svært vanskeleg for dei dersom dei ikkje får økonomisk bistand i år. For 2020 har dei motteke kr. 50 000,- i driftstilskot frå Stryn kommune, men med driftsutgifter på ca. kr. 300 000,- har dei behov for eit tilskot på kr. 250 000,- for å drifte eigedomen i 2020. Sjå vedlagt søknad og rekneskap.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Reglement for økonomiforvaltninga pkt. 2.2 «Fylkesutvalet har mynde til å gjere budsjettendringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet gjennom året for områda organisasjon og økonomi og strategi og digitalisering.»

Vurderingar og verknader

Økonomi: Stiftinga William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde har hatt ei tett tilknytning til fylkeskommunen frå stiftinga vart etablert i 1966, og i lang tid vart eigedomen drifta som om den skulle vere ein fylkeskommunal institusjon. Frå år 2000 har stiftinga etter søknad fått årlege driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ei fylje av at styret ikkje hadde fått med seg endringane i søknadsfrist for driftstilskot i samband med fylkessamanslåinga er at dei ikkje fekk søkt om tilskot for 2020. På bakgrunn av rekneskopen for 2019 ser vi at driftstilskot frå fylkeskommunen er hovudtyngda av inntekter til drift av eigedomen. Ei konsekvens dersom dei ikkje får fylkeskommunalt driftstilskot vil sannsynlegvis vere

at stiftinga ikkje kan dekke dei mest grunnleggande driftsutgiftene til eigedomen, som til dømes straum og forsikring.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Dalheim har vore ein stad for rekreasjon for sjukepleiarar og andre, og det hadde vore ynskjeleg om ein kunne fortsetje å utvikle staden som ein kulturinstitusjon.

Regional planstrategi: «Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027» set mål for tilskot til kunst og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser at det har vore utfordringar i samband med fylkessamanslåinga og at det er enkelte organisasjonar som har kome uheldig ut i samband med endringar av søknadsfristane for 2020. Styret i Stiftinga William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde har søkt om driftstilskot for 2021 og det er såleis eit eingongstilfelle at dei i år har behov for eit ekstraordinært tilskot. Fylkeskommunen har i svært mange år ytt tilskot til drifta av eigedomen og fylkesrådmannen ser at manglande tilskot til drifta i 2020 vil det gje store negative konsekvensar for eigedomen. Av den grunn tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på kr. 250 000,- til Stiftinga William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde.